

NOTAT FRÅ PLANLEGGINGSMØTE 2023 FOR ALLE LAG, LAGSHUS OG ARRANGØRER I HERAND, tysdag 24.01.23.

Desse møtte;

- | | |
|-------------------------|---|
| - Ole G. Vassel | Herand bygdelag |
| - Marta Samland | Herand bygdelag |
| - Angunn H. Trå | Herand bygdelag |
| - Kaia Gulbrandsen | Herand bygdelag/Herand bygdeblad/Luren 4H |
| - Margreta S. Eiken | Herand idrettslag/Herand Musikklag |
| - Ingeborg Huus | Herand Musikklag |
| - Jorunn Selsvik | Herand båtlag |
| - Ingrid S. Haavik | Luren 4H/Herand bedehus |
| - Marit Samland | Herand kvinne og familielag |
| - Siv Digrebrekke | Herand Grannahus |
| - Inger Johanne Linjord | Luren 4H |
| - Olav Håvik | Herand danselag |

Felles bygdefestar og arrangement;

17. mai; bygdelaget sjekkar opp om komiteen i fjor har satt opp ny komité for 2023. Tog; møtet foreslår årleg fast runde ned Tveitehagen – forbi butikk/båthamn – opp Tveite. Det er viktig at me alle er rause og takksame for dei vala komiteen tar og den jobben dei gjer.

Jonsok; I fjor kom forslag om at dei ulike laga i bygda tek ansvar for kvar sin del av feiringa som 4H – bålrensing, idrettslag – leikar, danselag – musikk/dans, Kvinne og familielaget – skauting/brurefølgje. Eit av laga har leiinga på omgang kvart år, i år oppmoda møtet Luren 4H om å ta dette. Idrettslaget ved Margreta overleverer info frå i fjor til Inger Johanne. Utgifter dekkes gjennom sal av loddar på bok, bygdelaget stiller underskotsgaranti.

Juletreffest 2. juledag; rode 1, Haugen/Vik lagar til i 2023. Boka ligg i brannskapet på kulturhuset.

Bygdedugnad; denne vert laurdag 29. april, oppmøte kl. 10.00. Alle lag og andre oppmodast til å melde inn arbeidsoppgåver til styret i bygdelaget innan 20.04.

Andre kommande lagsarrangement og planar:

Herand båtlag; planlegg å utvide med ny bølgedempar og forlenging av brygge 2.

Luren 4H; 21 born dette året og 5 klubbrådgjeverar. Årsplan med ein akt. kvar månad, men og mogleg med fleire. Folgefornn 4H i Jondal arr. styrevervskurs i feb. 4H dag ved butikken 13. mai. Haustfest 29. okt. Overnattingstur til Vasselvatnasete open for alle 1.-3. september.

Herand IL: Faste aktivitetar: måndag open gymsal, tysdag sirkeltrening, onsdag trim for born og linedance/dans. Planlegg Fodnastølsrenn i palmehelga. Herand Rundt 2. pinsedag 29.mai.

Herand Grannahus; Årsmøte 7.mars. Bingo på Skjærtorsdag, blomelotteri på pinseaftan, basar til hausten. Grannahuset er 90 år i år, planlegg jubileumsfeiring.

Herand Kvinne og familielag: har fått nokre nye medlemmer. Planlegg kurs i kalligrafi, info vert sendt ut. Gjev beskjed til styret i bygdelaget om mat på bygdedugnaden.

Herand danselag: Årsmøte søndag 29. januar. Dans i Grannahuset annan kvar søndag. Sommardans i mai som avsluttar sesongen. Ynskjer nye danseglade velkommen med!

Herand bedehus: Basar palmelaurdag. Redusert aktivitet grunna høge kostnader til straum, ingen laurdagsgraut og teen kafé denne våren. Vil ha suppekafe omlag ein torsdag i månaden.

Herand Musikklag: Konsert Fjordatonar 4. februar i nye hallen i Jondal med 7 korps/storband frå området. Øving i gymsalen torsdagar. 17. mai; ynskjer at toget går ein runde Tveitehagen-butikken og opp Tveite. Kan komme nokre torsdagskonsertar gjennom året. Hald av onsdag i påsken, prøver å få til lotteri/konsert. Musikklaget kan og brukast i private samanhengar som fester/bryllaup/gravferder.

Herand bygdelag: Bygdelagsbasar 25. februar. Årsmøte 26. mars. Bygdedugnad laurdag 29. april, frist for innmelding av arbeidsoppgåver 20. april til bygdelagsstyret. Prøver å få til temamøte om bustadsituasjonen i Herand «hus til folk og folk i husa».

Herand Jazzklubb; konsert i Meieriet laurdag 11., 18. og 25. februar kl.19-22.

Turstiar;

Stien på Mjøstølane; øydelagd trapp, startpunkt i svingen må endrast etter vegvøle. Eikje-Tråmjøstølen; vegen lagt litt om, stien må skiltast om.

Kulturstien; Bygdelaget har gjort avtale om beitegeiter frå om lag 1. mai, dei skal gå i deler av den øvre stien. Rekkverk/wire i stien opp frå Vassel vert utbetra tidleg vår, skal og støypast nokon trinn.

Skiløypa; idrettslaget oppmodar til å betale frivillig løypeavgift.

Det er mykje arbeid å halde stiar rydda. Forslag om at lag eller grupper tek ansvar for deler av ein sti og held denne ryddig gjennom året. Interesserte kan melde seg til styret i bygdelaget.

Innspel/ymse:

Er det en ide å prøve å få til nokre undergrupper i bygdelaget igjen? Som trivsel og kultur, turstiar. Ein kan og lage prosjekt der laga samarbeider.

Laga slit tidvis med rekruttering til styra. Men aktiviteten ser ut til å ta seg fint opp etter pandemiperioden.

Herand.no: meld inn nye styrer, aktivitetar til Gunnar Dalseth, [hindhqs@psmail.net](mailto:hindhqts@psmail.net).

Herand på Facebook: fungerer greit for løpande informasjon om arrangement og anna. OBS på bruk av bilete og personvern – dei som er på bilete skal ha samtykka til dette. Bilete frå offentlege tilstellingar med mange folk/oversiktsbilete er ok.

Herand bygdeblad; Bygdebladet er 30 år i 2023. Laga flinke til å stille opp og levere stoff til bladet. Kjem ut 1. februar, 1. mai, 1. september og 1. desember,